



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Vår dato:

02.05.2024

Vår ref:

2022/1934

Dykkar dato:

«RefData»

Dykkar ref:

«Ref»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

## Vi startar arbeidet med utviding av Kvitingsmorki naturreservat i Årdal etter prosedyra for frivillig skogvern

Etter dialog med grunneigar og AT Skog melder vi formell oppstart av frivillig skogvern for eit utvida område av Kvitingsmorki naturreservat i Årdal kommune. Utvidingsområdet heiter frå gamalt av Skogateigen, og vil inngå i dagens naturreservat. Vernereglane for Kvitingsmorki vil bli oppdatert etter nye malar for frivillig skogvernområde. Grensene for verneområdet blir også tilpassa kommunegrensa. Vi har sett i gang etablering av eit nytt verneområde, Bermål (Bermålsnosi) naturreservat, tilgrensande utvidingsområdet til Kvitingsmorki. Dette aktuelle kandidatområdet ligg på andre sida av kommunegrensa, i Lærdal kommune. Dei to områda grenser mot kvarandre og prosessane vil gå føre seg ganske parallelt, men verneforskriftene vil ha ulike verneføremål.

Føremålet med dette brevet er å informere om prosessen som no startar opp etter naturmangfaldlova, og for å innleie til medverknad og innspel frå aktuelle partar.

### Kvitingsmorki naturreservat er eit typeområde for barskogsmosaikk

Kvitingsmorki naturreservat vart etablert den 17. desember 1999, som ein del av verneplanen for barskog i Vest-Noreg. Dette var før ordninga med frivillig skogvern var etablert. Det eksisterande naturreservatet er 17 300 dekar stort, og det er komme tilbod frå gards- og bruksnummer 2/1 på eit tilleggsareal på om lag 580 dekar som Statsforvaltaren har takka ja til å setje i gang vernegress på. Kvitingsmorki naturreservat kan, etter ei eventuell utviding og justering av vernegrensa til å følge kommunegrensa mellom Årdal og Lærdal, bli 17 951 dekar. Utvidingsarealet husar mykje av den same skogen som ligg innanfor vernegrensa til Kvitingsmorki i dag, i stor grad boreal barskog. Kvitingsmorki er vurdert å vere eit typeområde og har nasjonale verneverdiar. Eit typeområde er eit stort område som, i dette tilfellet, representerer den typiske barskogsmosaikken i den bestemte naturgeografiske regionen indre fjordstrøk på Vestlandet.

Med Skogateigen inkludert i naturreservatet vil vi dekke meir av nedbørssfeltet og vil binde saman Kvitingsmorki og det nyoppstarta verneområdet i sørvest, Bermål, som vi jobbar med parallelt med Kvitingsmorki. Fordi skogen har ulik karakter på Bermål og i Kvitingsmorki jobbar vi med to ulike sett



av verneregler, men innhaldet er i stor grad likt og føl i hovudsak malen for verneregler i det frivillige skogvernet.

### Føremålet med vernet

Formålet i dag med Kvitingsmorki naturreservat er å sikre eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Av spesielle kvalitetar kan nemnast at området utgjer eit stort, samanhengande skogområde med eit stort mangfald av vegetasjonstypar, og med ein skoggradient frå fjord til fjell. Ved å følgje denne lenkja kan du sjå dagens verneregler i naturreservatet: [Forskrift om freding av Kvitingsmorki som naturreservat, Årdal kommune, Sogn og Fjordane - Lovdata](#)

Utvidingsområdet er ikkje kartlagt etter ny metodikk, men det tilgrensande området, Bermål, vart kartlagt av biologar i 2022. Det vart påpeikt i rapporten at arealet mellom Bermål og dagens naturreservat Kvitingsmorki også burde bli vurdert for vern for å sikre ei samanhengjande li langs Sognefjorden, noko vi med dette brevet har oppnådd etter god dialog med grunneigarane.



Figur 1 Kvitingsmorki naturreservat vart verna i 1999 og fyller 25 år i år. No set vi i gang arbeidet med å utvide naturreservatet. Eitt av kjenneteikna til Kvitingsmorki er store, gamle furutre. Foto: Tom Dybwad

### Mål om 10 prosent vern av skogen i Vestland

Det er ei nasjonal målsetjing å redusere tapet av naturmangfald, og som eit ledd i dette har regjeringa ei langsigktig målsetjing om at om lag 10 prosent av skogen i Norge skal bli verna. Med 3,3 prosent av skogen i fylket verna til no, er vi enno langt unna dette målet i Vestland. Med ei utviding av vernet for Kvitingsmorki og eit samanhengjande område til også eit nytt verneområde i vest vil vi komme litt nærmare målet om å ta betre vare på viktig skogsnatur frå fjord til fjell i fylket.




## Kva betyr det at eit område vert verna?

For å ta vare på store og sårbare naturkvalitetar i eit område er det nødvendig med ei verneform som sikrar mot inngrep. Kvitingmorki er allereie i dag eit naturreservat og vart oppretta i 1999 med heimel i naturvernlova. Ved å utvide Kvitingmorki til også å inkludere dei nye areal med skog vil framleis naturreservat vere den riktige verneforma, men vi vil då slette den gamle verneforskrifta og opprette ei ny verneforskrift etter malen for frivillig skogvernområde. Det vil ikkje bli store endringar i det eksisterande reservatet, vi vil greie meir om dette i høyringa.

Naturreservat som verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil føre til restriksjonar på bruk av området når det gjeld hogst og andre inngrep. Grunneigarane vil ha rett til jakt og fangst, og årmenta vil kunne nytte området til friluftsliv, plukke matsopp og bær. Kulturminne kan bli restaurert og ivaretakne i samråd med kulturminnemynde. Området er i bruk som beiteområde for sau i dag, og det er hjort i området. Dersom ny verneforskrift blir vedteke vil den erstatte den gamle verneforskrifta, som då blir oppheva. Det er utarbeidd forvaltningsplan for Kvitingmorki naturreservat, denne vil framleis stå seg med ny verneforskrift.

## Spesielt om grenser mellom Årdal og Lærdal

I verneforskrifta for Kvitingmorki naturreservat frå 1991 står det at Kvitingmorki ligg på gards- og bruksnummer 2/1 i Årdal kommune og er 17 300 dekar stort. På vernekartet er det likevel trekt ei linje som går inn i Lærdal kommune, sjølv om Lærdal kommune eller naboeigedomen ikkje er omtalt i verneforskrifta.



Figur 2 Den rosa linja syner kommunegrensa, der Lærdal kommune ligg vest og Årdal kommune ligg aust for grensa her. Den grøne linja syner grensa for Kvitingmorki naturreservat frå 1991. I samband med utviding av Kvitingmorki naturreservat ønskjer vi å justere denne grensa til å følge kommunegrensa. Kjelde: fylkesatlas



Vi har vore i kontakt med både Lærdal og Årdal kommunar i samband med vernesaka, og fått tilbakemelding om at det beste er å nytte kommunegrensa mellom dei to kommunane som vernegrense. Vi justerer difor vernegrensa slik at kartet passar betre overeins med terren og grensepunkt. I samband med utvidingsprosessen av Kvitingsmorki vil vi såleis justere den gamle vernegrensa i samsvar med innspela frå kommunane. Rett tal dekar blir då følgjande etter ei justering: Kvitingsmorki utan Skogateigen blir 17 370 dekar, Kvitingsmorki med Skogateigen er 17 951 dekar. Skogateigen opp mot kommunegrensene er 581 dekar. Bermål (Bermålsnosi) naturreservat kan bli 5412 dekar stort og grense til Kvitingsmorki langs Skogateigen og kommunegrensa heilt til fjells. Så vedlagt kart.

### Innspel og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspel på verneforslaget slik at prosessen og ulike tema kan bli så opplyst som mogleg. Når innspel til oppstartsmeldinga er vurdert, vil vi sende eit meir detaljert forslag til vern på høyring.

Send innspel til oppstartsmeldinga som brev til Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til [sfvp@statsforvaltaren.no](mailto:sfvlp@statsforvaltaren.no) innan **5. juni 2024**.

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og verneforskrift finn du på nettstaden vår [Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](http://Statsforvaltaren i Vestland (statsforvalteren.no)) under tema Høyringar. Der ligg også meir informasjon om [verneprosessen for Bermål](#). Vi har også ei eiga temaside om [frivillig skogvern](#) med generell informasjon om ordninga.

Dette brevet er sendt ut til lokale, regionale og nasjonale organ og organisasjonar som kan ha interesse av planarbeidet. Vi ber om tilbakemelding på eventuelle manglar i adresselista til sakshandsamar på e-post [maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no](mailto:maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no)

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Eline Orheim  
sekjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Utkast til verneforskrift Kvitingsmorki naturreservat
- 2 Utkast til vernekart Kvitingsmorki naturreservat, utviding



Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Landbruksdirektoratet	Postboks 56	7701	STEINKJER
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Det norske skogselskap			
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Friluftsrådenes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM



Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Sabima	Mariboes gate 8	0183	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN



Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
ÅRDAL ENERGI HOLDING AS	Utladalsvegen 1	6884	ØVRE ÅRDAL
ÅRDAL TURLAG	Postboks 28	6882	ØVRE ÅRDAL
NADDVIK BEITELAG	c/o Ole Bjerne Hovland Naddvik	6885	ÅRDALSTANGEN
LÆRDAL ENERGI AS	Grandavegen 4	6887	LÆRDAL
LÆRDAL FJELLSTYRE	Postboks 65	6886	LÆRDAL
LÆRDAL JEGER OG FISKARLAG	Postboks 61	6887	LÆRDAL
LÆRDAL KOMMUNE	Øyraplassen 7	6887	LÆRDAL
ØSTFOLD ENERGI AS	Kalnesveien 5	1712	GRÅLUM
ØSTFOLD ENERGI AS AVD BORGUND		6888	BORGUND
KRAFTVERK			
SYGNIR AS	Røysavegen 1	6893	VIK I SOGN
AT Skog SA	Postboks 116 Sentrum	3701	SKIEN